

Skulehelsetenesta i Vindafjord kommune

Jfr. "Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skulehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom" av 22.11 2017.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten>

Målet for tenesta er å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold, førebyggje sjukdom og skader. Målet for alt helsearbeid i skulen er at eleven skal :

1. Sjå på helse som eit positivt begrep.
2. Opplive trivsel og tryggleik.
3. Ha eit positivt sjølvbilde.
4. Forstå at helse også er eige ansvar.
5. Opplive at dei er ein ressurs for seg sjølv og andre.

I Vindafjord kommune er det 9 barneskular derav 3 ungdomsskular. Helsesøster har samtaletid 2-4 dagar kvar veke på ungdomskulane og 1 dag pr veke på barneskulane. På dei minste skulane (Imstrand og Bjoa) er helsesøster 1 dag / annakvar veke. Ressursane er fordelt utifrå elevtal.

Skulehelsetenesta (SHT) er leia av leiande helsesøster, i nært samarbeid med helsesøstrene, helsestasjonslegane og jordmor. Alle elevar vert kalla inn til lege når dei tek til på skulen. På seinare klassesteg vert ikkje alle elevar kalla inn, men ein følgjer opp dei elevar som SHT/ føresette meiner har trong for oppfølgjande kontrollar.

Me ønskjer eit godt samarbeid med heimane, og oppfordrar at dei føresette tek kontakt om det er noko dei ynskjer å drøfte om barnet sitt. SHT deltek i avvarsgrupper, og kan sørgje for tilvising vidare til fastlege, NAV, barnevern, psykisk helseteneste (voksen), familieteam, PPT, jordmor, ergoterapeut, fysioterapeut, SLT-koordinator, kreftsjukepleiar, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta. Familieteamet er ein del av helsestasjonen og skal særleg styrke det førebyggjande psykososiale arbeid og byggje opp tilbod til barn og unge som er i risikozonen og deira føresette.

SHT har eit nært samarbeid med skulen. Ein kan bidra til undervisning, gje råd til skulen om arbeidsmiljø, samt leggje forhold til rette for integrering av funksjonshemma elevar og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Ved overgang frå barnehage - skule, barneskule - ungdomsskule, ungdomsskule - vidaregåande skule kan det være eit tverrfagleg møte mellom t.d PPT, barnevern, barnehage, skule og helsesøster for å sikre elevar med særskilde behov best mogleg læringsforhold.

Folkehelseinstituttet sitt anbefalte vaksinasjonsprogram vil bli fulgt opp gjennom grunnskulen.
<https://www.fhi.no/sv/vaksine/barnevaksinasjonsprogrammet/>

Personalet i SHT har samme teieplikt som anna helsepersonell.

Kommuneoverlege er medisinsk-fagleg rådgjevar for helsetenesta i kommunen. Lege tilknytt helsestasjon/ skulehelseteneste er fagleg rådgjevar for SHT. Helsesøster er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av SHT.

Dei som ikkje ynskjer å gjere seg nytte av SHT, kan nytta sin fastlege for konsultasjonar og vaksinerings ihht. Statens helsetilsyn sine anbefalingar for SHT.

Ølen, 02.08.18

Terje Kleiven (sign.)
Kommuneoverlege

Hilde Bjerkreim (sign.)
Leiande helsesøster

SKULEHELSETENESTEPLAN

Skule-start 1.klasse (haust 2019)	<p>*Helseopplysnings skjema til heimen</p> <p>*Høyrse/høgde/vekt event. syn om usikkert resultat ved 4 år.</p> <p>*Legeundersøking av alle, event. vise vidare til spesialist/fysioterapeut.</p> <p>Ryggsjekk.</p> <p>*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslēmlesting til aktuelle lands.</p>
2.klasse	<p>*Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksine</p> <p>*Obs eneurese, samt syn/høyrse ved lesevanskar. Orientering om fargesyn til føresette.</p> <p>*Høgde/vekt</p>
5.klasse	<p>*Klasseundervisning og jente / gutt gruppesamtale om pubertet.</p> <p>*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslēmlesting til aktuelle landsgr.</p>
6.klasse	<p>*MMR - vaksine</p>
7.klasse	<p>*Humant papillomavirus - vaksine (HPV) x 2.</p> <p>Hausten 2018 får også gutar tilbod om HPV vaksine.</p> <p>*Undervisning om mobbing, psykisk helse, overgrep, vold etter avtale med skule saman med Familieteam</p>
8.klasse	<p>*Helseopplysnings skjema til eleven</p> <p>* Høgde/vekt.</p> <p>* Målretta helseundersøking.</p> <p>* Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslēmlesting til aktuelle landsgr.</p> <p>* Informasjon på klassemøte til føresette</p>
9.klasse	<p>*Undervisning om psykisk helse etter avtale med skule saman med Familieteam</p> <p>*Undervisning om prevensjon, SOI, samliv, seksuell helse og legning saman med jordmor.</p>
10.klasse	<p>*Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksine</p> <p>*Fullføre vaksinasjon på dei som manglar andre vaksinar.</p>

Vindafjord Helsestasjon

Skulehelseteneste
Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

Björg Stokland mob: 97674839
Liv E Mangrud mob: 48890928
Ingebjörg Velde mob: 90751281

Natalie Hellerslien mob: 90722059
Stine H. Hjelmeland mob: 99529906
Brita Andenes Haaland mob: 90703587